



Røyserett for Alle med sin musikalske leiar, Maria Malmsten, var på sitt beste på jubileumskonserteren på laurdag.

Eit variert konsertprogram, ei strålende musikalsk framføring, nøgde koristar og god publikumstilstrøyming er stikkorda for jubileumskonserteren til Røyserett for Alle. Den to timar lange konserten hadde eit lett og ledig program med stor spennvidde. Pianisten Geir Botnen var eit god val med si framføring med musikk av Grieg, Sinding, Sæverud og Geirr Tveit.

Svein Rimestad frå jubileumsnemnda er svært positiv i sine kommentarar. Koret er nøgd med frammøte på ein laurdag ettermiddag i strålende ver og på ei tid då det er mange arrangement dag på dag. Konserten er eit stort løft for koret med lang og intens førebuing og øving. Dei ulike stemmene har hatt mange ekstraøvingar og i forkant har det vore tre samlingar saman med Rosendal Songlag.

Leiar i Røystett for Alle, Lars Henrik Skogtun, fortel til Uskedalen.no at det ligg ein kjempejobb bak ei slik framføring. Han vil særleg gje ros til Maria Malmsten som har ansvaret for all regi og musikalsk framføring. Konserten er ikkje eit tapsprosjekt økonomisk, men det er heller ikkje noko særleg overskot. Det går truleg i balanse. Skogtun rosar jubileumsnemnda for godt arbeid, frå oppstarten med repetoarvalet til alt det praktiske som føl med og for sjølve gjennomføringa.

Konferansier Toralv Lura var god i si leiing. Med sin kunnskap om musikk og kjennskap til koret kom han godt frå oppgåva. Her går koret nye vegar og tenkjer nytt i høve til slik det ofte har vore før. Det kan vera ein stor fordel å bruka ein festleiar som ikkje er korist. Andre Eide på piano var også ny for mange med tonefylgje.

Etter dette løftet treng koret roa ned litt. Det neste er 17. mai. Til hausten vert det planlagt tur til Krakow og jubileumsfest. Prikken over i`en hadde vore konsert i katedralen i Saltgruvene, men det er ikkje klargjort om det let seg gjera.

Røyserett for Alle legg opp til eigen julekonsert i kyrkja i slutten av november.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Tor Edvard Taranger